



## Notat

Dato: 29.04.2014  
Arkivsak: 2014/13790-2  
Saksbehandlar: artarne

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Kompensasjonsmidlane for auka arbeidsgivaravgift, - vidareføring av noverande forvaltingsregime i 2014**

#### Bakgrunn

Noverande ordning med differensiert arbeidsgivaravgift skulle opphavleg gjelde for perioden 2007 til 2013. Hordaland fylkeskommune har hatt regionale retningslinjer for forvaltning av desse midlane som blei vedtatt av fylkestinget i 2007. I samband med handsaminga av «Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2013» den 19.02.2014 (Sak 34/2014) bad fylkesutvalet om at fylkesrådmannen kom attende med eit forslag til forvaltning av kompensasjonsmidlane for perioden 2014 til 2020. Dette vedtaket var bygd på ein føresetnad om at Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) ville få godkjent nye nasjonale regler for differensiert arbeidsgivaravgift i ESA gjeldande frå 2014.

#### Kvifor vidareføring i 2014.

Den 13. mars informerte KMD at de nå har sendt eit forslag til nytt regelverk for differensiert arbeidsgivaravgift til ESA for godkjenning. I dette forslaget er det foreslått å utvide ordninga med totalt 31 nye kommunar på landsbasis. Av desse ligg tre kommunar i Hordaland. Dette inneber at kommunane Kvinnherad, Tysnes og Jondal vil få innført differensiert arbeidsgivaravgift og dermed ikkje lenger vere omfatta av kompensasjonsordninga. Dermed vil det berre vere 4 kommunar att i Hordaland (Bømlo, Etne, Kvam og Modalen) som fram til no har vore omfatta av ei kompensasjonsordning for auka arbeidsgivaravgift (Sone 1a).

Dei nye nasjonale reglane for differensiert arbeidsgivaravgift vil ikkje vere klar før frå 1. juli 2014. I samråd med ESA er difor noverande regler forlenga til 30.06.2014. I KMD sitt tildelingsbrev for 2014 er difor de noverande reglane lagt til grunn mellom anna ved at alle dei 7 kommunane som var med i perioden 2007 til 2013, også er med i 2014. I tildelingsbrevet er ramma fastsett til kr 45,4 mill kr, ned frå 52,3 mill kr i 2013.

I samband med informasjonen om utviding av ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift omtaler KMD også den noverande kompensasjonsordninga kort. I tillegg skriver dei følgjande om ei mogleg vidareføring av ordninga: «Regjeringa vil nå vurdere mulige kompenserande tiltak i forbindelse med budsjettbehandlninga».

Det inneber at det geografiske omfanget av ordninga i 2014 er det same som i 2013, men vil bli endra i 2015. Vidare gjelder mye av det same nasjonale regelverket knytt til forvaltning i 2014, medan det ikkje er klart korleis ordninga eventuelt blir vidareført frå 2015. Fylkesrådmannen har difor sett arbeidet med revisjon av forvaltingsregime for kompensasjonsmidlane i Hordland «på vent» og går inn for å forlange noverande forvaltingsregime også for 2014 kor noverande styringsgruppe får ansvar for å utarbeide ein plan for bruk av midlane i 2014 som så blir fremma for fylkesutvalet.

Arbeidet med ein evaluering av noverande forvaltning av kompensasjonsmidlane i Hordaland blei starta opp før påske. Dette arbeidet vil bli tatt opp att når Statsbudsjettet for 2015 blir presentert.

## Endringar/justeringar av forvaltning for 2014

I samband med handsaminga av Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland i fylkesutvalet 19. februar i år (Sak 32/2014) blei det informert om at KMD har vedtatt ny Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidlar. Denne forskrifta gjeld også for kompensasjonsmidlane. Av forskrifta går det fram at alle tilskottsordningar skal kunngjerast og at alle søknader skal handsamast via sakshandsamingssystemet RF 13.50. Til no har det vore opp til representantane frå dei ulike kommunane å gjere ordninga kjent lokalt og få ein oversikt over moglege prosjekt i eigen kommune. Dette har skapt ein noko uoversiktleg situasjon med omsyn til handsaming av ulike prosjektforslag lokalt.

Vi vil kunngjøre ordninga i alle dei aktuelle kommunane og alle søknader/forslag til prosjekt skal i 2014 sendast inn via RF 13.50 med ein gitt søknadsfrist. Prosjekteigar vil vere ansvarleg for å legge inn sitt prosjekt. Styringsgruppa, med bistand frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland som sekretariat, må så utarbeide ein plan for bruk av midlane basert på dei innsendte søknadane. Prosjekt som ikkje blir prioritert i planen får melding om dette.

I tildelingsbrevet skriver departementet at dei legg til grunn av fylkeskommunen i forvaltninga av kompensasjonsmidlane prioriterer bedriftsretta tiltak med det formål å utvikle arbeidsplasser og bidra til verdiskaping i fylket. Også fylkesutvalet har stilt spørsmål ved kor næringsretta nokre av prosjekta i dei årlege handlingsplanane har vore. Både i 2012 og i 2013 vedtok fylkesutvalet å ta prosjekt ut av planane med grunngjeving om manglande næringsmessig relevans. Dette gjeld særleg prosjekt knytt til kulturfeltet og idrettsanlegg. Fylkesrådmannen vil i år påpeike overfor styringsgruppa at kravet til næringsretta relevans skal strammast inn for alle prioriterte prosjekt og at det skal oppfordrast til å få inn søknader om bedriftsretta midlar.

I dei opphavlege regionale retningslinene frå 2007 var det eit krav om at minst 20 % av midlane skulle gå til bedriftsretta tiltak. Dette kravet blei oppheva gjennom eit vedtak i fylkesutvalet i april 2011. Det har likevel ikkje vore noko hinder for å prioritere bedriftsretta tiltak etter dette. I årets kunngjøring vil vi oppfordre bedriftene til å søke kompensasjonsmidlar til bedriftsretta tiltak. Dersom det kjem inn søknader, vil sakshandsaming av disse søknadene blir overført til Innovasjon Norge saman med ei rammeoverføring av kompensasjonsmidlar.